



Sak nr 12/2024

Møtedato: 10.04.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Klage på tildelt støtte - Slettebergvegen, Øvre Nøsen

### NYE OPPLYSNINGAR PÅ SIDE 2

Slettebergvegen har søkt om tilskott til vegomlegging, grunnar naturskade over fleire år på sama område. Dei ynskjer no å bygge opp vegen noko for å unngå vårflaum. Det føreligg 2 alternativ, der begge er kostnadsrekna til i overkant av kr 160 000,- frå entreprenør Ola J. Fauske.

Til info er det tidlegare gjeve følgjande støtte til denne aktuelle vegen:

SAK 33/2005: kr 18 000,- i tilskott av eit utlegg på kr 38 461,- (47 %)

SAK 15/2009: kr 20 000,- i tilskott av eit utlegg på kr 40 000,- (50 %)

### Vurdering:

Jfr sak 42/2021 – «retningslinjer for tildeling av økonomisk støtte til private veglag», ligg dette vegprosjektet innafør desse retningslinjene med følgjande grunngeving:

- Det er stølær i drift som sokner til vegen
- Vegen er ikkje bomfinansiert
- Det er ein del turisttrafikk, der det og er lagt til rette for turistparkering

Utbetring er knytt til tidlegare skadehistorikk, og er dermed ikkje isolert sett berre ein vegforsterkning knytt til eks vinterbrøyting. Vegen er til info delvis vinterbrøytt i dag.

Administrasjonen tilrår med bakgrunn i tidlegare vedteke retningslinjer å gje støtte til vegen.

Sidan kostnadsoverslaget gjer ei kostnadsramme ut over 50 000,- er det meir logisk å vurdere denne ramma enn å nytte opp til 50 % (som da utgjer ca kr 80 000,-)

Det kan vere eit tema å vurdere tildeling opp i mot om vegen har fått støtte frå før. I dette tilfellet er det gjeve støtte i 2 runder . med totalt 56 000,- (indeksregulert opp til 2023-tal).

Dette kan vere eit viktig prinsipp for seinare tildelingar (sett ut i frå likebehandling), så dersom ein skal gje ei avgrensing for dei veger som tidlegare har fått i nyare tid – vil det vere riktig å vurdere ei avgrensing i dette tilfellet.

Oppsummert tilrår administrasjonen å nytte øvre ramme på kr 50 000,- som utgangspunkt, men grunna tidlegare tildelingar å trekke frå kr 10 000,- på tildeling. Då vil ein og setja eit prinsipp for framtida at ein kan måtte pårekne mindre støtte med gjentakande søknader. Uansett kan ein ikkje få meir enn 50% av utført arbeid – avgrensa oppad til kr 40 000,-

Tildelt sum tek og utgangspunkt i gjeldande økonomi til fjellstyret.

Det bør vere eit vilkår om at støtte kan krevjast tilbakebetalt (konsumprisindeksert) ved oppføring av betalingsbom, ihvertfall 20 år fram i tid.

Tildeling gjes på sum utan MVA, og det vert ikkje utbetalt før det føreligg kvitteringar på utført arbeid.

Tiltaket må gjennomførast innan 3 år etter vedtak om støtte.

Denne vegutbetringa går og på vegen «Øvre Nøsen», som ikkje inngår i dette veglaget. Likevel reknes området under ett, slik at evt tilskott reknes som til bae vegen «Øvre Nøsen» samt til «Slettebergvegen». Dette med tanke på eventuelle seinare søknader om tilsvarande støtte.

Det bør vere ein føresetnad at eksisterande parkeringsplass ikkje vert negativt berørt. Evt areal i parkering som går bort må erstattast med tilsvarande gjennom dette arbeidet.

Alternative vedtak:

Evt ingen støtte/vurdere storleiken på summen.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret tildeler inntil 50 % / avgrensa oppad til kr 40 000,- i støtte til veglaga Slettebergvegen/ Øvre Nøsen. Støtte vert utbetalt når det føreligg kvitteringar (sum utan mva) på utført arbeid.

Føresetnad er at det ikkje vert ført opp betalingsbom for bruk av vegen innen 20 år, i så fall må tildelt støtte (konsumprisindeksregulert) betalast tilbake. Eksisterande parkeringsareal skal ikkje byggast ned.

**Behandling:**

Marit Olvik spurte seg inhabil i henhold til Forvaltningsloven § 6 b.  
Enstemmig vedteke at repr. Olvik er inhabil, som trer ut av handsaminga.  
(4 stemmer)

**Vedtak I SAK 04/2022:**

Fjellstyret tildeler inntil 50 % / avgrensa oppad til kr 40 000,- i støtte til veglaga Slettebergvegen/ Øvre Nøsen. Støtte vert utbetalt når det føreligg kvitteringar (sum utan mva) på utført arbeid.  
Føresetnad er at det ikkje vert ført opp betalingsbom for bruk av vegen innen 20 år, i så fall må tildelt støtte (konsumprisindeksregulert) betalast tilbake. Eksisterande parkeringsareal skal ikkje byggast ned.

*Enstemmig vedteke (4 stemmer)*

**NYE OPPLYSNINGAR I SAKA:**

*Slettebergvegen klaga på tildelt støtte i brev dagsett 06.03.2024:*

*Tilskottet som er innvilget er under 50% av kostnadsoverslaget fra entreprenør Ola J. Fauske. Selv med betydelig egeninnsats og egenbetaling ifra andelshavere i begge veger så ser vi at det vil være vanskelig å gi vegen en tilstrekkelig og god oppgradering som planlagt.*

*Slettebergvegen Nøsen Veglag har svært begrenset økonomi med inntekt kun fra 10 andelshavere. Vi ivaretar sommerdrift og vedlikehold av Slettebergvegen med dette grunnlaget. Vi har tidligere fått tilskudd ifra Fjellstyret til vedlikehold, og er takknemlig for det. Oppgraderingen av vegen, som vi nå har søkt støtte til, er langt over det vi kan dekke økonomisk.*

*Vi ønsker å fremheve at Slettebergvegen, og Øvre Nøse opp til krysset til Slettebergvegen, blir mye brukt til turisttrafikk, og trafikken har økt de siste årene. Oppgraderingen som det er søkt tilskott til er nødvendig for å imøtekomme denne trafikken, og gir samtidig mulighet for å utvide den eksisterende turistparkeringen.*

*I sak 42/2021 – «retningslinjer for tildeling av økonomisk støtte til private veglag» står det at det kan gis tilsagn om opptil 50% av kostnadsoverslag, maks kr 50.000 pr veglag. Vi ser at Fjellstyret i vedtaket legger maks grensen for private veglag til grunn for vedtaket, og at det er gjort fratrukk for tidligere støtte.*

*Det er riktig at oppgraderingen også går på vegen Øvre Nøse, og Fjellstyret viser riktig til at Slettebergvegen veglaget ikke har andelshavere på Øvre Nøse. Vi ber derfor Fjellstyret igjen vurdere om maks grensen for et veglag skal legges til grunn.*

*Vi vil påpeke at tidligere tilskott har blitt brukt til sårt trengt vedlikehold av vegen. Vi har nå søkt om tilskott til en oppgradering og kvalitetsheving av vegen. Vi synes det derfor ikke er riktig at det er gjort fratrukk for tidligere tilskott.*

*Vi ber om at Fjellstyret vurdere om tilskottet til utbedringen av vegen kan heves til kr 80.000 (50% av kostnadsoverslaget), alternativt kr 50.000 (dvs uten fratrukk for tidligere tilskott).*

**Vurdering:**

Klaga er rettidig, og skal difor handsamast.

Det var et poeng i fjellstyret, at tidlegare støtte skal i utgangspunktet telle med i vurdering av ny støtte. Imidlertid er det pr no ikkje definert kor lang tid attende dette skal strekke seg. I andre samanhengar er det nevnt ein skal sjå tilbake 10 år (eks ved støtte til aggregat). Enn så lenge dette ikkje er definert i denne saka, kan det vere på sin plass å sjå på dette tema.

Administrasjonen ber difor fjellstyret vurderer om det kan vere eit riktig utgangspunkt med at tidlegare støtte vert vurdert dersom dette er gjeve innan dei siste 10 år. Då kan dette vere eit greitt utgangspunkt også for andre saker om fornya støtte.

Dersom fjellstyret finn å ville innføre eit slikt prinsipp, kan dette gje rom for ein auka i tildelt støtte. Ein nyttar då utgangspunktet med kr 50 000,- som maksimalt tilskott (siste tilskott var gjeve i 2009).

Fjellstyret har i 2024 ein forholdsvis god og robust økonomi, som og er eit tema som bør vurderast. Dette taler og for ein auka til kr 50 000,- totalt sett i tilskott.

Når det gjeld delen av klaga som går på 50 % deling – dvs støtte opp til kr 80 000,- går dette imot prinsippa i retningslinene. Her er det definert eit øvre tak på kr 50 000,-. Det kan vere lurt å halde på dette, sett opp i mot likebehandling av andre i ettertid.

Administrasjonen legg då fram følgjande alternativt vedtak:

*Fjellstyret tildeler inntil 50 % / avgrensa oppad til kr 50 000,- i støtte til veglaga Slettebergvegen/ Øvre Nøsen. Støtte vert utbetalt når det føreligg kvitteringar (sum utan mva) på utført arbeid.*

*Føresetnad er at det ikkje vert ført opp betalingsbom for bruk av vegen innan 20 år, i så fall må tildelt støtte (konsumprisindeksregulert) betalast tilbake. Eksisterande parkeringsareal skal ikkje byggast ned.*

*Tildelinga står ved lag i inntil 3 år etter melding om vedtak.*

Imidlertid forhalder administrasjonen seg lojal til opphavleg vedtak, sjølv om det er gode grunnar til å definere ein tidsperiode på eksempelvis 10 år som grunnla for evt trekk i tildelt beløp.

### **Forslag til vedtak:**

#### **Behandling:**

Marit Olvik spurte seg inhabil i henhold til Forvaltningsloven § 6 b.

Enstemmig vedteke at repr. Olvik er inhabil, som trer ut av handsaminga.

(4 stemmer)

Omforent forslag til vedtak:

*Fjellstyret tildeler inntil 50 % / avgrensa oppad til kr 50 000,- i støtte til veglaga Slettebergvegen/ Øvre Nøsen. Støtte vert utbetalt når det føreligg kvitteringar (sum utan mva) på utført arbeid.*

*Føresetnad er at det ikkje vert ført opp betalingsbom for bruk av vegen innan 20 år, i så fall må tildelt støtte (konsumprisindeksregulert) betalast tilbake. Eksisterande parkeringsareal skal ikkje byggast ned.*

*Tildelinga står ved lag i inntil 3 år etter melding om vedtak.*

*Fjellstyret definerer 10 år som grense for avkorting i tilskott til veglag.*

#### **Vedtak:**

Fjellstyret tildeler inntil 50 % / avgrensa oppad til kr 50 000,- i støtte til veglaga Slettebergvegen/ Øvre Nøsen. Støtte vert utbetalt når det føreligg kvitteringar (sum utan mva) på utført arbeid.

Føresetnad er at det ikkje vert ført opp betalingsbom for bruk av vegen innan 20 år, i så fall må tildelt støtte (konsumprisindeksregulert) betalast tilbake. Eksisterande parkeringsareal skal ikkje byggast ned.

Tildelinga står ved lag i inntil 3 år etter melding om vedtak.

Fjellstyret definerer 10 år som grense for avkorting i tilskott til veglag.

Samrøystes

*I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkeltvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova .*

*Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 11.04.2024

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Klager  
Berørte partar